



Majo Prosjekt
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar: 39bb28d3-bd18-4790-b704-
66a2bde01332
Vår: 23/1398 - 23/21347

Saksbehandlar:
Bente Førland
bente.forland@alver.kommune.no

Dato:
16.03.2023

Svar på søknad om utvida bruk av avkjørsle KV113-gbnr 185/88 Isdal

Tiltak: Utvida bruk av eksisterande avkjørsle for tomannsbustad
Byggjestad: Isdal 7 – Gbnr 185/88
Tiltakshavar: MAJO PROSJEKT
Ansvarleg søkjar: MAJO PROSJEKT v/Magnus Johan Helgesen

Saka gjeld søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå offentleg veg for tomannsbustad på Gbnr 185/88 Isdal.


Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Søker om utvida bruk av avkjørsle frå kommunal veg. Søknad gjeld Gnr. 185 bnr. 88, der det er planlagt ein tomannsbustad. Me har to bruksrettar til den private vegen som fører til avkjørsle mot kommunal veg. Avkjørsle gjeld bustad, og den permanente trafikkaukinga er frå personbil. Krysset har god sikt og er riktig utforma etter gjeldande regelverk.

Vurdering/drøfting:

Kommunal veg er etablert som ein eitt felts veg med to køyretretningar. Fartsgrense i vegen følgjer av Vegtrafikklova § 6. Krav til sikt i avkjørsle er etter regelverk sett til minimum 4 x 45 meter.



Alver kommune har vurdert søknaden og finn det forsvarleg å gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for tomannsbustad. Føresetnad for utvida bruk av avkjørsle er at det vert gitt byggeløyve til tomannsbustad på tomta.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune har vurdert søknad og finn det forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkøyrslø for tomannsbustad på vilkår.

Vedtak:

Med heimel i Veglova §§ 40-43 med tilhøyrande regelverk gjev Alver kommune løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrslø frå kommunal veg for tomannsbustad på Gbnr 185/88. Løyve vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkøyrslø skal vera opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkøyrslø som er fastsett av Vegdirektoratet i forskrift om «alminnelege regler om bygging og vedlikehald av avkøyrslø frå offentleg veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkøyrslø, sikt, svingradius, drenering under avkøyrslø, samt at ein skal snu på eigen grunn.

Siktsona skal vera i samsvar med Vegnormal N100. Minstekrav til sikt er sett til 4 x 45 meter. Siktsona skal til ein kvar tid haldast ved like av eigar/brukarane av avkøyrslø.

- Vegetasjon må haldast i eit nivå under 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktsona skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikhindringar som er høgare enn 0,5 meter.
- Svingradius definerer avkøyrslø og skal sikre at køyretøy som skal ut i vegen står vinkeirett på denne. Svingradius skal òg sikre at køyretøy kan svinge i begge retningar. Avkøyrslø sin svingradius er satt til $r = 4$ meter.
- Avkøyrslø skal vera etablert slik at den ikkje leier overvatn inn frå og ut i kommunal veg. På dei to første metrane bør avkøyrslø ha jamt fall på 5cm før avkøyringsveg stig/fell. Maks stigning/fall er sett til 1:8.
- Under avkøyrslø skal det leggjast ned dreneringsrøyr med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrøyr skal leggjast slik at overvatn frå grøft får fritt løp inn og ut av røyret.
- Det skal etablerast snu areal på eigen grunn. Snu areal skal ikkje nyttast til parkering. Det skal være mogleg for køyretøy å snu inne på eigedom når parkeringsplass er i bruk.

Vedtaket gir berre løyve til å knyte avkøyrslø til kommunal veg samsvar med Veglova. Alver kommune gjer merksam på at tiltaket også er søknadspiktig etter plan og bygningslova. Avkøyrsløvedtaket føreset at andre nødvendige godkjenningar ligg føre.

Heimel

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43 med tilhøyrande regelverk at vegmynde skal setje krav til avkøyrslø frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement. Bortfall av løyve Er arbeidet med avkøyrslø ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing
Alver kommune Egedomsforvaltning

Inger Marie Jordal
tenesteleiar

Bente Førland
Fagansvarleg

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Majo Prosjekt

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ